



Referat frå møte nr 2-2026 i Stamnes og Eidsland sokneråd
tysdag 3.3.2026 kl 17.-19 i sakristiet i Stamnes kyrkje.

Frammøtte: Monica M. Dyvik, , Vivian Farestveit, , Bjørn Samuelsen, Olaug L Stamnes, Bjørn Stamnesfet og Roar Petter Strømme (geistleg representant, vikar for Fredrik Hope).

Forfall: Anne Margrethe Eikefet (pga vegstenging, tilgjengelig på telefon), Eli Marit Hvidsten, Fredrik Hope (sjukemeldt) og Eidrun S. Normann.

Sak nr. 9/26: Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå sist møte
(møte 1/26).

Ingen merknader.

Sak nr. 10/26: Gudstenesteliste 1.halvår 2026.

- Gudstenesta Skjærtorsdag 2.April kl 11.00 skal vera nattverdgdustjeneste, men og med frukost frå kl 10.00.
Sjå tabell «bak» i referatet.
- Utpeike kyrkjevert(-ar) til fellesgudstenesta for Vaksdal-, Dale- og Stamnes og Eidsland sokn i Stamnes kyrkje, søndag 5.april kl.11.00
= 1.påskedag. *Det var diskusjon i sist møte rundt denne gudstenesta, begrunna i at det då vert totalt 3-tre påskegudstenester i vårt sokn denne påsken, Skjærtorsdag på Stamnes og Langfredag på Eidsland pluss fellesgudstenesta.*

Roar (Petter Strømme) har diskutert dette punktet med kollegaer og stab på kyrjekontoret, og konkludert med at pasjonsgudstenesta langfredag på Eidsland «går ut». Soknerådet støttar denne avgjera.

Gudstenestelista vert endra ihht til dette, *sjå tabell bak i referatet.*

Sak nr. 11/26: Fasteaksjonen, i år tysdag 24.mars, v/ Eidrun.

- Plan for gjennomføring.
- Kven gjer kva og når.

Eidrun er vår kontaktperson, ho meldte i forkant av møtet at ho har kontroll på gjennomføringa. Ho må så snart som mogleg informere soknerådet om kva hjelp ho treng av andre medlemmer. Spesielt vart nødvendige kjøreruter etterlyst.

Sak nr. 12/26: Basaren.

- Tilbakemeldingar?

Gode tilbakemeldingar på arrangementet frå deltakarane.



DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 2-2026

Sak: 9 - 18

Barnekor-medlemmane med foreldre / føresette og soknerådsmedlemmane vil også gje gode tilbakemeldingar til bygdefolket for frammøte, årer og loddkjøp i bedehuset. Totalt 77 personar var samla i bedehuset denne torsdags - ettermiddagen / -kvelden.

Vidare ynskjer me å takke alle loddkjøparane som var innom butikken å kjøpte lodd dei dagane me var der, og til alle bedrifter og enkeltpersonar som har bidratt med gevinstar.

- Pris på lodd og årer, *diskusjon*.

Det vart beslutta å behalde noverande pris for årer og lynlodd = kr 10,- pr åre og kr 10,- pr lynloddstripe, altså kr 2,- pr loddnummer. Prisen på lodd i loddbøkene vert frå neste år auka frå kr 2,- pr lodd til kr 5,- pr lodd.

- Takkeannonse i Kyrkjebladet til alle som bidrog med all form for støtte, som omfattar både loddkjøp og mottekne gevinstar?

Det vart beslutta å skrive litt generelt om basaren i kyrkjelydsbladet, der ein og tek med takk til alle involverte, i og med at fleire av gjevarane og loddkjøparane høyrer til utanfor soknet, **frist 9.mars**. Skrivar er foreløbig ikkje utpeika.

Sak nr: 13/26: Årsmøtet.

- Tilbakemeldingar.

Veldig dårleg frammøte, 10.personar inkl soknerådsmedlemmer. 2 personar var ikkje frå soknet. Eit veldig dårleg vær, kan vera ei årsak for dette.

Ingen merknader verken til referatet frå sist årsmøte, eller årsmeldinga for 2025.

- Oppsummering /referat.

Er under arbeid.

- Med bakgrunn i årsmeldinga, ta kontakt med VP f.eks v/ Jan Egil Dyvik med spørsmål om å få skriven ein artikkel om aktivitetane i sokneråd og kyrkjelyd.

Diskusjonen gjekk på at det er interesse for dette, men det vart ikkje beslutta å kontakte Jan Egil no umiddelbart.

Sak nr. 14/26: Eidslands-jubileet.

- Status jubileumshefte.

Ingen endring frå sist, arbeidet er litt «på vent».



- «Evalueringsrapporten»(*Status rundt kladden so langt, om den er klar*).

Rapport-kladden / oppsummerings-kladden vert sendt alle soknerådsmedlemmane for kommentarar og tilbakemeldingar, so vert vidare «framdrift» beslutta etter det.

Sak nr. 15/26: Fordeling mellom ideelle organisasjonar og soknerådet av innkomne takkoffer.

Eit spørsmål rundt fordelinga av takkoffera mellom sokneråd (=eige arbeid / kyrkjelydsarbeid) og alle gode ideelle organisasjonar, kom opp ifm med utarbeidinga av årsrekneskapen for 2025. I 2025 vart det delt ut til andre kr. 29.614,- og kr. 6.687,- til «oss sjølv» altså ei ca 80-20% fordeling om ein ser i prosent. Eg har sjekka 2022, -23 og -24, då var delinga hhv 50-50% i -22 og 23, og ca 60-40% i -24.

Bjørn (Stamnesfet) sendte ut ein e-post til leiarane i dei andre sokneråda i kommunen den 16.februar med spørsmål om samme. To har svart, ingen av dei hadde noko nøyaktig oversikt. Det eine ville få betre oversikt når Årsmøte med årsrekneskapen var ferdig. Det andre antok at dei sendte ut til andre omtrent 3-tre gonger so mykje som dei tok til seg sjølv = eige arbeid. Etter ein diskusjon vart det konkludert med at me vil forsøkjja å oppnå ein nærmast mogleg 50 – 50% fordeling. Det vil verta gjort ei vurdering etter første halvår, som kan gje grunnlag for fordelinga i 2.halvår for slik å oppnå ei jamnast mogleg fordeling.

Sak nr.16/26: Saker til / frå Fellesråd og arbeidsutvalg. v/ Anne M / Eli Marit.

- Aktuelle punkt som gjeld «oss» frå sist møte.
- Eventuelt anna.

Utsett, då begge fellesrådsmedlemmane ikkje var tilstades.

Sak nr. 17/26: Saker til / frå kyrkjeverjen/ kyrkjekontoret / ansatte.

- Nye lover påverkar registrerte rollar, e-post 11.12.2025.
Frå Bjart Magnus, til orientering !

Tatt til etterretning.

- Motteke brev frå Ellen C Kortz USA, med forespørsel om gamal grav eller gravstad, for Ole Mikkelsen Kallestad, død 10.august 1887. E-post sendt Bjart Magnus 12.1.26, svar sendt frå han til Ellen C K på e-post same dag.

Tatt til etterretning.

- Forespørsel om leige av kapellet på Eidsland til konsert onsdag 10.juni kl.15.00. Diskusjon og beslutning. (*sjå e-postar frå Bjart Magnus, og Frode K, vidaresendt dykk 20.1.26*).



DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 2-2026

Sak: 9 - 18

Ut frå innhaldet i e-postane vert dette av oss = soknerådet oppfatta som ei munleg henvendelse på telefon, og ikkje ein formell søknad frå koret sin representant om leige av kapellet.

Det vart ein del diskusjon rundt dette punktet. E-postane frå hhv Bjart Magnus og Frode K vart gjennomgått og tatt til etterretning. Eit enkeltmedlem kjente til at det var komme ein forespørsel frå koret til eigarane av Sjø-bua på Eidsland om samkome for ca 70 personar der. Dei (eigarane) vil ta kontakt og svare at det ikkje er mogeleg å arrangere noko for så mange i Sjø-bua, men vil hennvise til Grendelaget og Grendehuset. Me syns ut frå det me veit / har høyrst, at denne konserten vil passe betre i Grendahuset enn i kapellet.

Med bakgrunn i all «usikkerheit» som ligg i opplysningane me har, og at me ikkje har fått nokon direkte / formell henvendelse om bruk av kapellet, vil me på noverande tidspunkt ikkje gjera noko vedtak mhp løyve til leige for ein eventuell konsert for dette koret. Ein av våre medlemmar vil halde kontakten bed eigarane av Sjø-bua og styret i grendelaget, slik at me kan få meir informasjon.

- Konfirmantarrangement helga 24.-25. April i bedehuset på Stamnes. Kan soknerådet lage taco, enten fredag kl 20, eller laurdag kl 16?? (sjå e-post frå Kristin S N, 26.februar).

Soknerådet kan ta på seg å lage til å servera taco på konfirmantarrangementet dykkar laurdag 25. april 2026 kl 16.00 i bedehuset på Stamnes. Olaug L S vert «vår» ansvarlege, og vil stå for innkjøp og organisering av «oss andre» som nødvendige medhjelparar. Me antar at De (Trusopplærer / prest / kyrkjekontor) bestiller bedehuset for aktuelt tidspunkt. Vidare ynskjer me so snart de har eit ca antall på deltakarar, at me får ei tilbakemelding om det.

Sak nr. 18/26:

Neste møte.

Neste soknerådsmøte, vert tysdag 21.april 2026 kl 17.00 til 19.00

Vil og minne om felles soknerådsmøtet som er planlagt til tysdag 17.mars kl 17.00 på Dale.

Registrering av medgått tid til frivilligt arbeid i soknet:

Sjå tabell, bak i referatet.

Eventuelt:

-1- Kyrkjegardsdagar i 2026 vart diskutert.

Anne Margrethe fekk via sms spørsmål om ho kunne ta ein prat med Astrid's gartneri i Modalen å spørje om dei kunne komma ein dag i veke 19 til



DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 2-2026

Sak: 9 - 18

Stamnes. Dette pga konfirmasjonssøndagen som er 10.mai.
Eidsland kan me f.eks ta veka etter, veke 20 = 17.mai-veka.

-2- Det er eit etterlengta ynskje å få kjøpt inn noko «kjøkkenutstyr» som f.eks
Termo-kanner til kaffi og te, kakefat og kakespader +++.

Basarinntektene gjev oss rom for det. Ingen vart peika ut til å gjera jobben.

For. Eidrun S.Normann, skrivar,
Bjørn Stamnesfet.

Gudstenestelister for Stamnes og Eidsland

1.halvår 2026 Stamnes

Gudsteneste	Tidspunkt	Kyrkjevert	Offer
11.01 Gudsteneste	11.00	Bjørn St.	NMS
22.02 Gudsteneste, årsmøte m/ kyrjekaffi.	16.00	Heile rådet møter	Kyrkjelydsarbeidet
02.04 Skjærtorsdag, nattverdsgudsteneste , frukost kl 10.	11.00	Monica, Eidrun, Anne Margrethe	Barnevakten
05.04 Felles påsegudsteneste Vaksdal, Dale Stamnes/Eidsland	11.00	Vivian og Monica	Himalpartner
10.05 Konfirmasjonsgudsteneste	11.00	Vivian og Eidrun	Fagertun
14.05 Friluftsgudsteneste Skipshelleren, Vegen-gt	12.00	Olaug og Eidrun	Sjømannskyrkja
17.05 Festgudsteneste	12.00	Olaug	Kyrkjelydsarbeidet
28.06 Gudsteneste	11.00	Eli Marit	

1.halvår 2026: Eidsland

Gudsteneste	Tidspunkt	Kyrkjevert	Offer
-------------	-----------	------------	-------



DEN NORSKE KIRKE

Stamnes og Eidsland sokneråd

Møte 2-2026

Sak: 9 - 18

18.01 Gudsteneste v/ Frode K	15.00	AnneMargrethe Eikefet	Det NorskeMisjonsselskap (NMS)
01.03 Gudsteneste v/Strømme AVLYST PGA STENGTE VEGAR OG RASFARE	11.00	AnneMargrethe	Kyrkjelydsarbeidet
03.04 Pasjongudsteneste langfredag. FLYTТА TIL DALE pga at det ellers ville vorte 3-gudstjenester i soknet vårt i påsken.			
17.05 Festgudsteneste	12.30	AnneMargrethe	Kyrkjelydsarbeidet
29.07 Olsokstemne på Leiro	18.00		

Timar utført av Soknerådsmedlemmer og andre (utanom soknerådsmøta) pr: 3.mars 2026

Av kven:	Kva:	2026
Soknerådet	Kyrkjevertar, spøtekafe, kjøre ut kyrkjeblad, vasking og rydding / snørydding, m.m.	34 timar
Monica	Knøttesong	6 timar
Leiarar i barnekoret	Barnekorarbeid, laga til, låsa opp, delta, miniandakt m.m.	34 timar
Andre (Appia m.fl)	Klokkar	?? timar
Kyrkjegardsdagar	Stamnes og Eidsland	
Heile rådet	Basar	85 timar
Tidsbruk siste måned/periode:		
Tidsbruk pr		